



NOTAT

Frå:

Trude Hoflandsdal Letnes
Rådmann
Rådmannen

Dok.dato: 28.01.2016

Dok.nr.: 15/271-9

Arkivkode: K1 - 002

REFERAT FRÅ MØTE I STYRINGSGRUPPA I GRANVIN 27.1.2016

Til stades:

Ingebjørg Winjum
Knut Endre Folkedal
Annlaug H. Såkvitne
Hans Jakob Mæland
Lars Brekke
Karin Ware

Trude Letnes, skrivar

Saker

1. Innspel frå eldrerådet og pensjonistlaget på Intensjonsavtala.

I innspelet blir det reagert på at ein går inn for at sjukeheimen i Granvin skal leggjast ned. Styringsgruppa har stor forståing for uro dei eldre kjenner ved dette. Styringsgruppa er likevel klare på at ein må rekna med endringar i innrettinga på tenestene når ein skal byggja ein ny kommune. Det er samstundes viktig å ha med seg at kvaliteten på tenestene ikkje skal bli dårlegare og at det framleis skal ytast gode tenester til dei gamle i Granvin. Mellom anna skal omsorgsbustadane i Mælandshagen med støtteapparat bestå inn i den nye kommunen.

Ordføraren har invitert seg til pensjonistlaget sitt neste møte for å informera om avtala og drøfta innspel.

2. gjennomgang av intensjonsplanen

Styringsgruppa godkjenner intensjonsplanen slik den ligg føre, med endringsforslaget som kom frå styringsgruppe i Ulvik. Punkt 6.7 skal etter dette lyda:

Den nye kommunen skal ha kulturskule og bibliotek som lett kan nåast av innbyggjarane. Frivillig sektor og andre kulturinstitusjonar skal ha gode rammer.



3. Informasjon og drøfting om prosess med Ullensvang

Styringsgruppa er positive til at Ullensvang no deltek i prosessen, og vil drøfta ei intensjonsavtale som inkluderer Ullensvang, i neste møte.

4. Folkerøysting vs. Innbyggjarhøyring

I fylgje signala frå Ulvik og Eidfjord vil dei koma til å gå inn for ei folkerøysting når innbyggjarane skal høyrast i høve kommunesamanslåing.

Styringsgruppa i Granvin meiner det mest hensiktsmessig hos oss er å gjennomføra ei innbyggjarhøyring. Årsaka er kompleksiteten i saka. For Granvin sine innbyggjarar vil ein ikkje kunne leggje fram ei sak med ja eller nei spørsmål der ein vel anten kommunesamanslåing eller ikkje.

Denne saka vil måtte ha med seg problemstillingane rundt to ulike intensjonsavtaler, og eventualiteten at naboane våre vel å stå aleine. I denne situasjonen ser ein føre seg at folket blir spurd om tilslutning til fylgjande:

1. Intensjonsavtale mellom Ulvik, Eidfjord og Granvin
2. Intensjonsavtale mellom Ullensvang, Ulvik, Eidfjord og Granvin.
3. Dersom dette ikkje går; bør Granvin forhandla vidare med Voss eller Kvam?

Ei innbyggjarhøyring må gjennomførast som telefonintervju der eit representativt utval av innbyggjarane blir spurd. Det må vere fleire som blir intervjua enn ved førre høyring (200-300 personar).